

# IDRETTLIV I GAMLE VELLEDALEN

Av Jostein Fet

Alt som eg fortel om i denne artikkelen, hentar eg frå mitt eige minne. Grunnlaget er min eigen oppvekst på Fet og i Velledalen. Ingen ting har eg frå aviser eller andre publikasjonar. Eg bryr meg ikkje om å referere frå tevlingar eller gi att resultat, for det blir berre feil. Årstal skyr eg som pesten, men det kan no hende eg resonnerer meg fram til kva tid det eller det kan ha hendt.

Mykje av idrettslivet i dalen må eg la liggje. Stort sett avgrensar eg meg til åra før krigen. Grunnen er at eg som 82-åring reknar med at der er ikkje så mange som har opplevd skitevlingar i Velledalen i 1930-åra. Dessutan reiste eg tidleg ut på skule og miste litt kontakten med idrettslivet i Velledalen. Mange idrettar som vi Fitjagutane dreiv litt med, t.d. kule- og diskoskastning, til og med boksing, må eg gå forbi av plassomsyn. Eg kjem heller ikkje til å gå inn på terrenglauf eller alpinsport, der Velledalen idrettslag gjorde det godt etter krigen. Også kvinnesporten må bli unemnd.

Ein god del av det eg fortel om frå Fitjagarden, kan kallast *leik*, men ofte var der eit element av kapping i leiken. Nedanfor følgjer eg i store trekk idrettslivet gjennom årstidene, og eg startar med sommarhalvåret.

## FOTBALL PÅ ATTELEGENE

I 1930-åra fekk han Sigurd Drabløs, han Hans-Sigurd, radio, eg trur det var den første på Fet. Då dei byrja å overføre landskampar i fotball tidleg i 1930-åra, gjekk det ikkje lenge før vi gutane invaderte stova hans og klistra oss til radioapparatet. Sigurd var ein tolmodig mann, men det var no sundag og kan hende ville han ha litt fred. Då hadde han ei god råd til å få gutane på dør; han byrja skrue på stasjonssøkjaren, samtidig som han auka lydstyrken. Det vart ei hyling og skurring som ikkje var til å halde ut, og det gjekk ikkje lenge før stova var tømnd for fotballgalne gutungar.

Men i staden for å høyre på at Noreg tapte landskampar mot Sverige, kunne vi like godt sparke fotball sjølve. I den første tida hadde vi verken ball eller bane, og då gjorde vi slik som ungane i Afrika, vi stappa ihop aviser (Sunnmørsposten, Møre Tidend) til ein høveleg ball og surra tøg omkring. Ballen fungerte framifrå og kunne vare ein heil kamp. Når vi skrapa i hop det som fanst av guthynar på Fet, Dravlaus og Velle, hadde vi vel som eit lag nedai Brauta. Ei liknande mobilisering gjekk føre seg framai Brauta, slik at vi kunne halde kampar i tida mellom slåttan og hoslåttan. Desse bataljane gjekk for det meste føre seg på Fet, på attelegene åt Jørn, Nybø og Jo, eller borte i Øyane på Dravlaus og Velle. Vi passa på å halde oss til vens med gardbrukarane, for det kunne bli ein del laustorver som fauk, og det var ikkje bra for slåmaskinen.

Kappinga mellom framai Brauta og nedai Brauta er urgammal. Goffar min, han Jørn-Nikolai, fortalde til far min om ein tilburd han hadde vore med på. Nokre ungdomar frå Fet, Dravlaus og Velle vart samde om å fare fram til Brunstad og "ta dissa kanaljane der" for eitt eller anna. Det vart som eit møte midt framme i garda, dei to flokkane stod og olmast ei stund. Då fekk han Jørn-Nikolai auge på restane av ein utgått sko nedfor føtene sine. Han tok hånå

på skospissen og sende han opp i løveggen så det small og sa turt: "Ta vare på skræne døkka, guta" (ei skrå = gammal sko).Dermed slo stemninga over i lått og løye.

Det gjekk ikkje lenge før Velledalen fotballag vart skipa. Den naturlege motstandaren no var sjølv sagt straumgjerdingane, som slett ikkje var lette å skubbe seg på. Dei hadde bra teknikk med ballen, det var så rart med det, for dei låg ein liten grand nærare byen. Kampar vart ofte bestemt på kort varsel. Eg hugsar Olav, Magnar og eg vart sende ned i Straumgjerde for å få dei fram til ein attelege-kamp ein sundag. Men dei stod berre med hendene i bukselomma og vrei seg og spytta i aust og vest. Nei, dei gadd ikkje.

No hadde vi fått tak i ballar av ler med gummiblære inni. Men runde var dei ikkje. Somme var temmeleg avlange, eggforma. Det var ikkje alltid så lett å vite kvar ballen tok vegen. Han Brua-Arne stod i mål og måtte sleppe inn ein ball. "Du kunne no ha tekje dinnja", var det ein som meinte. "Nei, det va slik enj helvetes *snur* ti 'nå...'", sa han Arne.

Vi hadde ikkje fotballske, men brukte beksaumarar med hæljar og skobespararar. Eg hugsar ein av kameratane som hadde det med det at kvar gong han skaut utanfor mål, såg han bebreidande ned på høggre skoen sin. Det var der skulda låg, meinte han.

Eg hoppar no over dei neste stega fram imot skipinga av VRF, som slett ikkje tyder Vestlandsk raudt fe, men Velledalen og Ringen fotballag, med basis i Velledalen og Straumgjerde med oppland rundt indre Sykkylvsfjorden.

## DEN FØRSTE FOTBALLBANA

Vi er no i slutten av 1930-åra. Fitjagutane sette då i gang med å lage seg si eiga fotballbane oppe på Fremstebakkane rett ovanfor garden. Der var ei flate på ca. eit mål, litt steinete og fullvaksen av einer, denne seige busken som kledde heile Fitjabakkane. Vekk med den! Så var det steinane, til dels store lyftingar som måtte vekk. Somme måtte sprengjast. Perry hadde vore med far sin og bora minehol og sprengt steinar med krut. Han var spesialist. Også vi andre hadde følgt nøye med i slikt arbeid. Vi greidde å få tak bor og feisel, krut og lunte, og så sette vi i gang, kveld etter kveld. For å prøve sprengkrafta i krutet, lødde vi full ein mole av ei springvassrøyr, tetta henne i eine enden, og feste så lunta. Røyra sette vi fast mellom to steinar. Så tende vi lunta og sprang i ly bak ein stor stein. Det neste som skjedde var at vi såg ein avlang gjenstand fare i ein lang flott boge opp i Høgerimen, ca. tre hundre meter unna. Det er det første og einaste forsøket som er blitt utført på Fet på å sende ein rakett i ei bane kring jorda. Påll-Sigvart fekk mistanke og sette augene i oss: "Ka dökke styre med uppå bakkå, guta?", sa han, han hadde vel høyr det small. Han fekk ikkje svar.

I fotball-leiken oppe på bakkane lærte Fitjagutane seg lagspel og grunnteknikk i fotball. Ei ulempe med bana var at ballen altfor ofte fór utfor bakkane og ned i elva, der den kunne reke heilt ned i Fitjavatnet. Då var det å sende dei minste gutane, som stod der som reservar og såg på likevel, av stad etter ballen. Eit kjedeleg oppdrag. I mellomtida sparka vi avisball.

Men skipinga av Velledalen fotballag og seinare VRF tvinga fram skikkelege baner, og etter kvart fekk vi grusbaner både på Straumsheimsbakkane og på Dalemyra i Tregardane.

## SAUESANKING SOM IDRETT

Utover hausten la Fitjagutane seg i hardtrening for å vere i form til sauesankinga i september-oktober. Treninga bestod i kappspringing, ikkje mann mot mann, men individuelt på tid. Vi hadde ulike løyper som snodde seg igjennom og rundt gardsklynga på Fet. Den eine løypa heitte *Storeronden*, ei anna *Isljeronden*, så var der ein kombinasjon mellom dei to som fekk namnet *Åttetalet*. Om haustkveldane kunne Fitjakjerringane som var på veg til kvinnemøte

hos naboen, bli skremde av skuggar som fauk forbi med hivande pust i rasande fart. Vi hørde berre eit "jøsset" når vi fór forbi. Vi tok tida, forbedra oss og sette rekordar etter kvart som vi vart eldre og fekk større steglengde.

Så kom sauesankinga. Arbeidsfordelinga var slik at dei sprekaste ungdomane vart sende til fjells, medan gamlekarane – som eigenleg var spreke til tusen – herska i dei nedre regionane. Lengst nede, tett ovanfor sjølve garden, var det kvinnfolka som rådde. Hugs på at dette var sjeviotsauer, nokre skyre djevlar som ikkje pønska på anna enn å lure unggutane. Sauene fann vi som oftast høgt til fjells der dei hadde gått heile sommaren og blitt halvville fridomselskarar. Metoden vår var å løse sauene rett unna bakke og køyre dei så hardt vi kunne til dei spakna. Mottrekket til sauene var å kløyve seg i to flokkar, den eine hit og den andre dit, slik at vi kom i ein utriveleg valsituasjon. Når sauene heldt på å kome forbi deg på oppoverbakke, galdt det å *svigløype* dei, dvs. kome seg oppom via ein omveg og så vende dei nedatt. I ein slik naudssituasjon hadde gamlekarane ei siste råd: dei kasta huå si opp- og framom leiarsauen slik at han stoppa opp ein augneblink og kom på defensiven.

Endeleg fekk vi dei ned til gardsleet, ein lopp pesande sauer og sveitte karar. Men kva skjer så? Sceneforandringa er dramatisk og total, sauene forvandlar seg frå ville utegangarar til tamme husdyr ved synet av gardskvinnfolka som står der med sundagsforkle og helsar sauene velkomne til gards med lokkande saltsild i nevane. Bjøllesauen først, så dei andre på rekkje og rad. Snart ryn dei inn i næraste sauefjøsen, som dei fyller med lukt av våt ull.

Takk vere sauesankinga er Fitjagutane no klar til å møte vintersesongen i god form.

## ISEN PÅ FITJAVATNET

Fitjagarden hadde alt som friluftsglade ungdomar kunne ynskje seg. Vi var kringsette av rennande og ståande vatn. Før isen la seg på vatnet, brukte vi *Tjønnane* på Ytste Bakkane til skeisseis. På tjønnane låg nokre små øyar som utifrå skapet vart kalla Afrika og Asia, dessutan hadde vi Nordpolen der. Hit flokkast ungane på Fet og Dravlaus. Men sværast var det når isen hadde lagt seg på *Fitjavatnet*. Vaksnekarane fór over og hogg hol for å måle tjukna på isen før dei sleppte oss ut på. Fire tommar stålis var trygt. Vi prøvde oss med ishockey (med orelurkar til køller), og ei 500 meters bane målte vi også opp og prøvde å gå på tid, for avisene var fulle av skøyteresultat med Engnestangen, Staxrud og Ballangrud, den såkalla Hadelandstrioen. Men for det meste gjekk det i "Hauk og due". Då delte vi oss opp i to lag med kvar si "jue" og så galdt det å kome seg heilskinna frå den eine jua til den andre. Hit kom ungdomar heilt frama dala, også straumgjerdingane kom setjande, særleg når det vart måneskin. Vi hørde *ljøen* av dei lenge før vi såg dei. "No kjeme straumgjerdingane", var det einkvan som sa, "e hørde 'ånå Øggars-Tomas *rækte*." Det ordet har eg hugs sidan.

Fitjavatnet er heller grunt, ei 22 meter på det djupaste. På botnen ligg der restar etter organisk materiale, greiner og anna pjask som ligg og rotnar og produserer brennbar metangass. Om sommaren kunne vi sjå bobler som steig opp og brast i overflata. Det kalla vi laksebobler, vi meinte det var laksen som låg og gulpa nede i djupet. Men om vinteren vart denne gassen fanga opp av isen og danna ulike slags holrom, *boler*, som vi kalla det. Ei bole er i grunn same ordet som boble. Ein type kalla vi evighetsboler. Dei var kvite og vide. Kakka vi hol på ei slik og sette fyr på gassen, kunne ho brenne i lang tid fordi trykket var svakt. Meir spennande var ein annan type, dei kjegleforma bolene. Dei smalna i ein spiss oppe, ofte var det berre ei tunn ishinne på toppen. I slike boler stod gassen under høgt trykk, og når vi forsiktig kakka hol på spissen og sette fyr, kunne ho eksplodere og flamma slå opp i ansiktet. Då lukta det svidd både av hår og klede.

## Skeissene

Dei aller eldste var dei såkalla *isleggene*. Dei har vore i bruk i fleire tusen år her i landet, og har ikkje forandra seg sidan steinalderen. Det var leggbein av sau eller andre dyr, som dei slipte flate på eine sida og batt fast til skoen. Ved hjelp av ein piggstav som dei skuva attover mellom beina, kunne dei stake seg fram over isen i god fart. Eg kan hugse at det fanst islegger i Jørngarden, truleg også i andre tun.

Gamlekarane laga seg skeisser av utslitne *ljåspiker* som dei slipte til og felte opp i eit tilforma trestykke. Det er synd å seie at dei var gode å gå på. Her må eg skyte inn at vi også hadde *snøskeisser*, som kunne brukast på fast snøunderlag, t.d. veg. Dei var liksom små megar, om lag 3 cm breie og 35 cm lange med bøyg framme. Under var dei skodde med eit jarnband. Det var sjeldan vi brukte dei.

Den første revolusjonen kom med *krullaskeisser* i stål. Med slike skeisser var vi i stand til å bråsvinge og gå attover, gjere små piruettar, men ikkje minst var dei gode å ha når vi leika "hauk og due". Vi feste skeissene med tøg, og brukte ein trepinne til å stramme bindinga. Men endå eit steg kom med *lengdeløparane*, Ballangruds modell, han som tok tre olympiske gullmedaljar i 1936. I førstninga brukte vi den skolause modellen, seinare med sko. Eit siste steg var å skaffe seg *ishockeyskeisser* med sko. Dei mest ivrige av gjentene skaffa seg slike. Denne utviklinga skjedd tett før krigen og heldt fram etter krigen.

Men skeissesporten leid av ei stor ulempe: det var berre i korte bolkar vi hadde skikkeleg skeisseis om vintrane. Langvarig berrfrost var det sværaste, då la det seg stålis på Fitjavatnet. Vi gutane heldt auge med alle slags vêrteikn: kom det omslag? Humøret sokk når nordljøset tøygde seg framom Trollkyrkjetindane, det var eit sikkert teikn på læke eller snø. Neste morgon kunne vi vakne til ein snødekt vassis, eller ein is med ti cm *dape*, eller blåstøde som dei seier i Volda. Dersom det attpå kom frost, var isen øydelagd.

## HOPPING

Noko av det eg hugsar best frå mi barndomstid, var leitinga etter emne til hoppbakkar. Vi hadde ein åttemetersbakke mellom Páll- og Nybøløa, ei stund fór vi opp på Førsebakkane og trakka opp ein ørliten hoppbakke der. Det var ikkje store lengdene der heller, ein ti-tolv meter, trur eg. Så oppdaga vi ein bratt bakke utanfor Høgerimen, som vi rydda for småkratt og skog. Man bakken hadde eit stort lyte; tilrennet var så langt og flatt at vi stoppa akkurat når vi kom fram på hoppet. Flause.

Meir permanent vart skibakken framai Bakkane, framme i Pállteiga. Han var noko flat, men tilrennet var skikkeleg og gav stor fart, difor bygde vi hoppet temmeleg lågt, ei tjuetretti centimeter. Hoppbakken kunne vi sjå frå skulen på Dravlaus, og eg hugsar kor eg lengta etter at skuledagen skulle ta slutt, for eg såg korleis Magnar, Olav og Nybøtvillingane dreiv og hoppa borte i Tegane. Dei gjekk framleis småskulen og hadde fri. Då vi kom heim att, fekk vi vite at dei hadde hoppa 17 meter.

*Kari-bakken* framme i Kari-teia i Vallategane vart den mest permanente ei tid no frametter. Der vart bygt eit skikkeleg, bra høgt hopp, og vi kunne vel tøyse oss ned til ei 25–30 meter. No kom også framai-brautingane med. Om eg skal nemne nokre av gutane som dreiv og hoppa denne tida, tett før og tett etter krigen, så var det Fitjagutane (Magnar, Erling, Perry, Kaspar, Sigurd, Norvald, Arne, Jostein og Olav), Tøsten-Odd, Nakke-Leif, Øye-Olav. Der var sikkert fleire. Dei store ideala var sjølv sagt Kongsberg-hopparane: Birger, Sigmund og Asbjørn Ruud, Arnold Kongsgaard, Hilmar Myhra, Petter Hugsted. Andre storhopparar var Reidar Andersen og Georg Thrane.

Men langevågarane frå idrettslaget "Von" var våre lokale heltar: Raknes-brørne, Bjarne Haukenes, Standal-brørne. Også voldingane, ørstingane, strandarane, sunnylvingane og valldalingane var langt framme. Vi prøvde å ape etter Kongsbergstilen så godt vi kunne, med knekk, roleg armføring og skikkeleg telemarknedslag. Men ein gong vi kom i lag med langevågarane, såg vi at det var satsen vi måtte arbeide med. Dei kom rett og slett mykje høgare og lenger i svevet på grunn av sin spenst.

Dei neste bakkeprosjekta var felles for heile Velledalen. Det var *Myrdalsbakken* og *Brunstadbakken*. Eg har færre minne om desse, for no var eg mykje borte på skule. Men eg hugsar at bror Arne og Bøtel-Jon arbeidde framme i Myrdalsbakken saman med andre karar framai Brauta.

Fitjagutane hoppa lite i Myrdalsbakken. Eg veit Perry sende seg utfor i eit renn, men nådde ikkje opp. Dei yngre prøvde seg etter kvart i Brunstadbakken og andre stader. Somme kunne ha nådd langt om dei fekk skikkeleg instruksjon og trening. Dei beste hopparane på Fet var Magnar, Kaspar og Olav, men Sigurd og Jostein var også med. Framme i dala var Nakke-Leif og Øye-Olav ei stund gode, men Olav gjekk mest langrenn.

Alt før krigen byrja Fitjaungdomen å dra inn på sætrane i påska. Der fekk vi verkeleg dyrke skisporten. For å få litt avveksling til dei evindelege turane oppå Myrdalsfjellet, sette gutane i gang med å byggje ein hoppbakke ovanfor stølen. *Sætrebakken* var ein triveleg bakke, han låg tett ved, var passe stor – ein 35 meters bakke. Her møttest også andre hopparar frå bygda, eg hugsar somme av dei beste: Osvald Vigstad, Bjarne Haugset, sikkert fleire. Her vart også arrangert bygdameisterskap etter krigen. No er vel bakken tilgrodd og ute av bruk.

### **Uhell i skibakken**

Under ei trening i Myrdalsbakken skjedde eit uhell. Ein utanbygds, god hoppar kom skeivt ut frå hoppet og landa stygt nede i bakken. Han Bjarne Blindheim sende seg av stad og sklei på bringa ned unnarennet for å kome seg raskt ned til løparen som låg i halvsvime nede i overgangen. Det var resolutt gjort, tykte eg. To Hole-gutar, brørne Olav og Paul som seinare vart kjende langrennarar, vart sende tvers over dalen bort på Drotninghaug for å varsle lege. Eg ser dei føre meg der dei fór som piler nedover haugane. Etter ei tid kom det lege og sjukebil. Eg hugsar andletet til den skadde hopparen, bleikt og forvridd av smerte, då han vart boren opp unnarennet. Heldigvis var han ikkje alvorleg skadd, det var visst nokre sideriv som var knekte.

I påska 1949 skjedde det ei alvorleg ulukke med bror min Olav i Sætrebakken. Magnar hadde nett hoppa, men slo igjennom i den lause vårsnøen og datt. Han ropte opp til dei andre at dei ikkje måtte hoppe, bakken var for laus. Men Olav stod nett klar og sette av stad likevel. Han hoppa langt, slo igjennom, skar ut og slo hovudet mot ein stein som låg gøymt under snøen. Det såg svært stygt ut. Kameratane drog han på skikjelke ned til Myrdalsskiftet, og Bøda-Bodvar køyrde han ut til Bendixen som ikkje gav han mykje von om å overleve. I all hast vart han send med sjukebil til Ålesund, der han vart operert. Det var på hengande håret. Ein beinsplint stod inn mellom to folder i hjernen, men utan å skade, etter det vi fekk vite. Eg studerte ved Universitetet i Oslo den gongen, og Thomas Vinje, min gode ven, nett komen heimanfrå, fortalde kva som hadde bore til. Det var vanskeleg å konsentrere seg om lesinga ei stund.

Heldigvis fekk Bendixen ikkje rett. Då sommaren kom, var Olav atter med som indreløpar på VRF, jamvel om han måtte vere forsiktig med å ta ballen på skallen.

For å runde av dette avsnittet med noko meir morosamt vil eg nemne eit fenomen som mange skihopparar opplevde: Somme tider kom det gjenter opp til bakken og ville sjå kor flinke vi var til å hoppe. Det som då skjedde, var at gutane brått skulle vise kor svære dei var. Så batt dei seg, vart stive og skeive i lufta og tok elendige nedslag – og datt som bedøva

fluger, den eine etter den andre. Gjentene var fullt klar over at det var dei som hadde skulda og stod berre og hauka og log.

### **Hoppski, utstyr og smurning**

Vi hoppa med strekkbukser, og til meir dei small og blafra i lufta, til likare var det. Men endå viktigare var skiene. Vi fekk oss snart hickoryski, tunge plankar med tre holveiter under. To brør frå Honndalen, Lars og Paul Bakke, gamle skihopparar, fekk seg arbeid i bygda og formidla sal av hoppski. Eg hugsar Perry tok over hoppskiene til Lars Bakke (eller var det Paul?). Elles måtte vi bruke det som fanst. Mange laga seg sine eigne ski. Bøtel-Kåre hadde eit par ski som var så mjuke i krullen at dei blafra opp og ned i nedslaget. "Dei e so høflege disse skiene at dei nanna te folk", sa han Kåre. Sjølv fekk eg meg hickory hoppski frå Stranda. Dei var laga med så sterkt spenn at når eg stod på dei, var det berre så vidt dei tok ned i golvet på midten.

Vi hoppa i beksaumarar. Skorne spente vi fast mellom to jarnøyre litt bakanfor midten av skiene. Jarnet gjekk vassrett tvers gjennom skia under tåballen. Dette gjorde at skiene lett kunne brotne akkurat der. Tvers over jarnøyrene hadde vi ei lerstropp med sylgje som kunne strammast, og bakom hælen hadde vi ei dobbelsydd lerstropp med ein strammar i metall. Men snart vart desse bindingane avløyste av kandaharbindingar, dei hadde vaier som gjekk bakom skohælen og kunne strammast med ein strammar som var fest på sjølv skia framanfor skoen. Vaieren vart halden på plass av ein knast på skikanten om lag ved midten av skoen. Hælen vart såleis bunden nokså fast og kunne knapt lettast. Å liggje mykje framover i svevet kunne difor føre til at du vipa over og landa på haudet. Ikkje rart at vi heldt oss til knekkstilen. Men litt etter litt fann vi ut at det lønte seg å losne litt på hælen slik at vi kunne leggje oss meir på.

Smurninga til hoppskiene var enkel og grei. Anten var det parafinvoks, som kunne brukast til alt, eller så "Rekord" boksesmurning, som kunne gi rasande god gli, især på snø rundt 0 grader. Smurninga måtte gnikast ut til ho blenkte som ein spegel.

## LANGRENN

Dei første skirenna i Velledalen vart haldne rundt 1910, så vidt eg veit, kanskje litt før. Men det er skirenna og løparane frå 1930-åra eg veit å fortelje litt om. Det beste langrennsmiljøet finn vi framai Brauta. Der var nokre spesielle miljø og slekter, først og fremst på Hole, Brunstad og Lade. Eg skal nemne dei gard for gard.

### *Lade:*

*Petter Lade* (f. 1908), han Jo-Petter, var ein framifrå skilaupar. Vi smågutane beundra han for hans spesielle stavteknikk. Eg hugsar han dreiv og varma opp før eit skirenn framme med ungdomshuset. Når han sette eine foten fram i diagonalgang, vipa han staven elegant framover frå kneet. På den måten sparde han litt energi. Systerson hans, Magnar Fet, meiner denne spesielle vippen med stavane kom på mote ei stund i Velledalen. Ein gong han som liten gut var framme på La, dreiv Petter og trenar. Han hadde gått seg opp ei løype til det bruk. Magnar ervde langrennsskiene hans, det var splittkeinski som Petter hadde laga sjølv. Det var elegante ski, seier Magnar. Dessverre kom han til å bryte eine skia seinare.

I *Hauknutgarda* var der stor interesse for skiidrett. Morbror min, Karl Drabløs frå Barbrogarden, fortalde meg ein gong at Hauknut-Andreas (1881–1965) skipa til eit langrenn framme i dalen, det kan ha vore rundt den tida laget vart skipa. Om han var formann den gongen, veit eg ikkje. Dei tre eldste Barbrogutane var med, Edvard, Ole og Karl, og dei tok

fine premiar, sa han Karl. Son hans Andreas, han *Arne Lade* (f. 1909) var også aktiv langrennar i 1930-åra. Eg hugsar han som ein lettbygd skilaupar.

*Kaspar Lade* (f. 1916), han Rime-Kaspar, var meir som ein brothest i løypa. Han hadde truleg ikkje så finslipt teknikk, men tok seg fram ved hjelp av sine kjempekrefter. Eg meiner å hugse at han var med i eit skirenn som han Ole T. Lied arrangerte inne på Fjellsætra, han prøvde vel å skaffe seg gjester til turisthytta si. Men løypene var dårleg oppgådde. Eg hørde han Rime-Karl, far hans Kaspar, sa at "ditta va et pjaskje rennj." Dette må ha vore rundt 1935.

*Hole* vart sjølve senteret for langrennssporten i Velledalen. Her var betre terreng for trening enn dei fleste andre stader i dalen, men vel så viktig var det at her voks det opp nokre brandar til karar som hadde særlege fysiske føresetnader for skigåing.

Ein av dei eldste var *Harald Lødøen*, Bø-Harald (f. 1910). Han var ikkje berre ein framifrå spelemann og ein arvtakar etter Rime-Ole, men også ein dugande skilaupar, sterk og uthaldande som han var. Når andre kom i mål med tunga hengande som eit slips nedover bringa, kom han Lødøen smilande og smålåten med eit par sveitteperler på nasa. Ei tid var han nok den beste langrennaren i dalen. Rolf Lødøen (f. 1943) fortel etter far sin at løypene kunne vere temmeleg harde. Ein gong la dei løypa frå ungdomshuset i krikar og krokar heilt opp i Holebotnen. Harald smurde deretter, la tjukt med festesmurning på veggen opp. Komen opp i botnen skrapa han skiene og rende nedatt på blanke ski. Det gav han ei god plassering.

*Severin Hole*, Jørn-Syvvin (f. 1915) var litt yngre og var den som dreiv det lengst av velledalingane denne tida. Sjølv såg eg han ikkje gå renn i Velledalen, for han flytte til Stranda og heldt fram der. Men namnet hans kom ofte i avisene, der han stod mellom dei fremste på premielistene.

*Ottar Hole* (1918–74) frå Øyegarda var den eldste av fleire brør som gjekk langrenn. Stor og kjempeterk som han var, var det få som kunne følgje han. Eg minnest han frå eit renn i Velledalen, Ottar var då ikkje meir enn femten år, det var altså i 1933. Han kom nokså sliten opp skråvegen inn mot mål oppe ved ungdomshuset. Ein tilskodar ropte til han: "Å, kom igjen no, Ottar, få upp farta!" Ottar svara: "Det e lett for deg å seie det, du so berre stende der og gape."

Også den nest eldste av Øye-brørne, *Karl*, hadde givnad for langrenn, men det var dei yngre brørne *Olav* og *Paul* som dreiv det lengst. Dei utvikla seg til å bli mellom dei fremste langrennarane på Sunnmøre. Særleg Olav la litt meir alvor i treninga enn det som var vanleg mellom dei andre i dalen. Endå lenger kunne dei ha kome med dei treningsmetodane som er tekne i bruk i dag.

Historia om desse to karane fell etter krigen, og eg var no så mykje borte at eg fekk minder direkte kontakt med karrieren deira. Ei lita hending kan eg fortelje om likevel. Det var langrenn inne på Fjellsætra og dei fleste av mine kameratar var med. Eg stod saman med nokre andre borte på Dravlausstølen for å sjå korleis rennet utvikla seg for velledalingane. Då kom Paul farande i løypa, men han leia ikkje, for han hadde tydelegvis trå ski slik føret var nett då. For å setje mot i han ropte ein Hole-kar: "Det bli kaldare, Paul, det bli kaldare!" Han ville vel trøyste han med at føret kom til å bli betre. Paul såg forundra til sides på karen: "Bli det kaldare??" Han lurte vel på kva som gjekk av mannen, som var meir interessert i vêrmeldinga enn i langrennet.

Dei to eldste brørne i Nygarden, *Karstein* (f. 1920) og *Olav Brunstad* (f. 1921) var halvt Fitjafolk sidan mor deira, ho Inger, var frå Nilsgarden på Fet. Den yngste av brørne, han *Lars* (f. 1923), var så mykje på Fet at vi kalla han Nils-Lars. Han var ein god leikekamerat. Men det var Karstein og Olav som dreiv med langrenn. Ingen av dei la seg etter trening med alvor, men dei hadde givnaden i seg. Olav var ikkje med så lenge, og han var ujamn, men slo han til,

var det knapt nokon som kunne fylgje han. Eg hugsar ein gong vi hadde lagsrenn inne på Fitjastøla. Då hadde han Nygards-Olav fått seg nye moderne ski, og gjekk frå alle ihop.

Eg var med sjølv i det langrennet, for det var noko som heitte kombinert også. Mine fysiske føresetnader for langrenn var ikkje dei beste, men eg leit på muskelstyrken. Eg brukte slalåmskiene som Norvald hadde fått med morbror Karl i Oslo, gode hickoryski, men tunge og breie. Løypa starta på Fitjastøla, gjekk ei sløyfe nedom Dravlausstølen, der han tannlege Fredrik Drabløs stod og heia oss fram, så ein sving innover i Dravlaussætremarka før ho svinga tilbake oppom Fitjastølen og utover Nøkkane, tvers over dalen over på Lastølsida, vidare innover lia ovanfor Nysætrevatnet, til ho vende rett over isen inne med Vikelva, så heimattover til Fitjastølen. Løypa var vel ei 14 km med store høgdeforskjellar. Eg hugsar at Olav, bror min, stod innanfor Fitjastølen for å sjå korleis det gjekk med meg. Han såg litt bekymra ut då eg passerte han.

Då eg var komen over på Lastølsida, hørde eg han Karstein kom kløvande. Eg tenkte eg måtte prøve å halde ut nokre stavtak til, og Karstein var høfleg og roa ned litt. Men så sa han: "E tenkje øss må prøve 'ånå ei skøre te." Eg fekk meg utav løypa litt brennfort og Karstein fauk forbi som ein elg i lange kliv. Det gjekk ikkje lenge før han forsvann. Han kom mellom dei aller beste i det rennet.

Av andre som eg veit gjekk langrenn på Hole, kan eg nemne *Oddmund Skylstad* (Hau-Oddmund f. 1923) og *Ole Hole* (Knut-Ole, f. 1923), seinare broren *Torleif* (f. 1930), og kjem vi ned til Hjortdal var *Johan Hjorthol* (Jørn-Johan f. 1915) og *Petter Hjorthol* (Lars-Petter f. 1920), også ein del med i lagsrenn.

### *Brunstad*

På Brunstad var det jamt interesse for idrett, særleg i Brua, men også i Øye, Sølmon, Jørn og Nakken. Der var hopparar, fotballspelarar og terrenglauparar. Av den eldre garden i langrenn var det han *Ole C. Brunstad* (Brua-Ole f. 1914) som merkte seg ut. Han var av same aldersklasse som han Jørn-Syvrin på Hole og Rime-Kaspar, men yngre enn Harald Løddøen og Petter Lade. Han Brua-Ole var med i nokre større lokale renn, men prioriterte etter kvart margarinproduksjon og seinare møbelfabrikering.

*Hjalmar Brunstad* (Jørn-Hjalmar f. 1919) var også ei kort stund ein god langrennar. Eg hugsar dei sa: "Anj Hjalmar gjenge lett på ski." Men snart glei han over i møbelarbeid og sette i gang med møbelfabrikk som eksisterer den dag i dag.

Verken på *Velle* eller *Dravlaus* dreiv dei noko særleg med skiidrett. Årsaka ligg i dagen: terrenget var ikkje særleg høveleg for skitrening. Anten er det for flatt eller for bratt og attvakse med skog.

### *Fet*

På *Fet* var vi heldigare stilt, endå det var ikkje så lett her heller. Dei bratte skogliene med ur og grov bjørkeskog høvde lite for langrennsløyper, og Bakkane, dei svære endemorenene rett ovanfor garden, var så tettvaksne med einer at der knapt var framkomeleg. Men på ski måtte vi, og eg hugsar vi laga løyper nedover dei flate bøane.

Ein to-tre av oss var også aktive langrennarar, nemleg *Arne* (1922–2000) og *Olav* (1927–2004) frå Jørngarden, og *Kaspar* (f. 1927) frå Nybø. Vi andre slong med berre no og då. Alle dei tre nemnde karane hadde anlegg for langrenn, både når det galdt uthaldenskap og teknikk, Olav kanskje mest. Både Kaspar og Olav dreiv med skihopping, og Olav etter kvart med slalåm. Men no kjem vi over i etterkrigstida, så eg skriv ikkje meir om dei her.



## **Skitypar og skismurning**

I min barndom var skiene heimelaga. Far laga ski til fleire av dei 8 ungane, også til Borghild og Oddrun, endå det var ikkje så vanleg at gjentene fekk seg ski. Det same var tilfelle i andre heimar. Trevyrket var som oftast bjørk, men betre var osp og selje, dei trekte ikkje så lett vatn. Askeski var framifrå, men den tresorten hadde vi ikkje ute i marka. I Volda rekna dei rogueski som dei beste. Problemet med desse heimelaga skiene var krullen. For å forme krullen måtte treet dampast så det vart mjukt. Far hadde ei form til det bruk, der spente han skiene fast, så let han skiene stå nokre dagar og tørke. Men med tida, især i våt snø, flatna krullen meir og meir, til slutt var skiene nesten flate. Men det måtte vi tole, vi hadde ikkje anna i førstninga.

Stavane var av bambus, med vide trinser feste til staven med tverrgående lerstroppe. Bruken var ei påkjenning, så trinsene måtte stadig reparerast.

Etter som skisporten utvikla seg, kom det fleire og fleire sortar skismurning i handelen. Eg nemner nokre frå slutten av 1930-åra. Dei vi utan samanlikning brukte mest, var *Bratlie* og *Østbye*. Dei fanst både som klister og som boksesmurning. Begge var gode. Eit dårleg merke var *Seebergs* boksesmurning. Ho var altfor laus i konsistensen, og minte mest om gul ost. Snart forsvann ho frå marknaden. Elles var det mykje eksperimentering. Vi kokte ihop ymse tjøreblendingar. Kjerteljos var mykje brukt som glivoks, så sant vi ikkje hadde parafinvoks. Somme hadde god tru på smelta grammofonplater. Men så dukka det opp ei svensk smurning, *Swix-smurningane*, som etter kvart kom til å dominere.

Alle som har gått langrenn, har opplevd å smørje seg bort. Særleg var nysnøen om våren vanskeleg, skiene isa så lett i skuggen. Mang ein gong såg vi skilauparane stå å skure skiene sine oppetter bjørkestammene inne i sætremarka. Når Fitjakarane skulle ha fram sætreveden om sommaren, fann dei han bra innsett med klister.

## **Ringen slutta**

Etter påske sikta vi oss meir og meir inn på sommaridrettar. Det var godt å kjenne berr mark under føtene igjen og kjenne brålen frå bakkar i solsteik. Vårvinne, rydjing og gjerding i skog og mark venta. Men det gjekk ikkje lenge før vi leita fram fotballen frå i haust, og snart høyrde vi den kjende dunsinga frå ein fotball som stadig vart send inn i ein eller annan løvegg. Eit år var omme, ringen var slutta.

*Jostein Fet (f. 1924) er fødd og oppvaksen i Jørngarden på Fet. Av utdanning er han filolog og kulturhistorikar. Han har gitt ut mange bøker, særleg med emne frå den ukjende allmugekulturen. Han har også gitt ut ei bok om folkemusikken i Møre og Romsdal, og har skriva ei mengd kulturhistoriske artiklar i ymse tidsskrift. Sidan 1958 har han vore busett i Volda, der han var tilsett ved Volda Lærarskule og Høgskulen i Volda, dei siste åra som dosent. Sidan 1991, då han vart pensjonist, har han vore delvis knytt til høgskulen som seniorforskar.*